

Ljosglytt

Helsing frå Framnes

Følg snøklokka sitt eksempel	s. 2
Misjonsprosjektet	s. 4 - 5
Frå minneboka	s. 6 - 7
I dag snakkar vi med	s. 8
Eit hundreårsminne	s. 9
Turar til Chamonix og Tyrkia	s. 10 - 11
Minneord	

*Friluftslivlærer Martin Dalane hjelper to franske elevar til land etter eit ufrivillig kanoveit. Skulen hadde besøk frå ein fransk katolsk skule i april. Elevane var ikkje vane med sjøen, men hadde stor sans for det våte elementet!
Foto: Camilla Kvamme/Hordaland Folkeblad*

Følg snøklokka sitt eksempel

I påsken lèt me oss fasinera av nokre nydelege snøklokker. Røtene hadde vorte dekkja av asfalt, men her var det ikkje snakk om å undervurdera styrken sin. Opp i sola skulle dei uansett, så dei pressa seg gjennom asfalten og sto der blide og nøgde. Ei ny snøklokke ber ikkje med seg mørketida sin motgang. Ho fokuserer på sola si fornyande kraft og styrke. Om våren er det tid for å leggja bak seg det gamle og hausta ny kraft frå Han som er kjelda. Alle har vel noko å læra av snøklokkene sitt ynskje om å nå gjennom til sola.

Me kristne undervurderer ofte styrken vår. Me har framleis tilgang på den same krafta som apostlane fekk på pinsedag! Det er lett å bøya av for menneskelege bekymringar og manglar. Lat ikkje våre tankar avgrensa kva Gud kan gjere gjennom oss! Paulus seier det slik i Filipparane 4,13: "Alt maktar eg i Han som gjer meg sterk".

Me var så heldige å få vera ein del av ungdomskonferansen Impuls. Her fekk me sjå Guds kraft i praksis. Ungdommane opplevde å bli møtt av ein kjærleg Gud, og over hundre menneske tok mot Jesus. Om lag hundre vart helbreda for konkrete fysiske plager.

Våren gjev oss ein sjanse til å starta på nytt med blanke ark. Kva vil eg ha fokus på vidare? Skal eg la meg styra av forventingar, kultur og komfortable vanar? Vil eg ta del i den planen Han har for "min vår"? Be over det og finn ut kva mål du vil setja deg!

Ha ein herleg vår alle saman!



Vêret på Framnes

No kan du og kven som helst som er særskild interessert i vêret, fylgje med time for time eller dag for dag på sol, vind og regn-mengder på Framnes-halvøya. Du kan hente ut statistikk for siste 24 timar eller meir om naudsynt. Framnes er kjend for kraftfulle vindtak når austavinden set inn for fullt. No kan vinden óg målast. Det same gjeld høgaste og lågaste temperatur. Mengder av nedbør av ulikt slag har óg vorte grundig dokumentert siste tida. Og det denne vinteren har hatt mest av er snø!

Sjekk ut sjølv på: www.framnes.vgs.no. Velg "Vêret" i hurtigmenyen venstre side.



Ljosglytt er eit blad for alle Framnes-vener, gamle og nye!

Adresse:
Ljosglytt
Framnes kristne vidaregåande skule
5600 Norheimsund
Telefon: 56 55 05 00
E-post: postmottak@framnes.vgs.no
Giro: 7874. 05. 37554

Redaksjon:
Lars Arvid Oma
(post@laoma.no)
Eimund Solsvik
(eimund.solsvik@framnes.vgs.no)
Magne Kolstad
(magnekolstad@hotmail.com)
Linda Augestad Lindås
(gladfjes@yahoo.com)
Solgunn Eide
(sol_eide@hotmail.com)
Per Helleve
(phelleve@online.no)
Mona Lene Økland Hareide
(lohareid@broadpark.no)
Jostein Moldsvor
(jostein.moldsvor@framnes.vgs.no)

Adresser:
Berit Hope Byrkjeland
Rekneskap:
Linda A. Lindås

Ansvarleg utgjevar:
Elevlaget i samarbeid med redaktør.

Opplag:
2300
Kjem ut to gonger i året, ved juletider og på vårparten.
Deadline: 1. november og 1. april.

Grafisk framstilling:
Lars Arvid Oma

Trykk:
Øystese Trykkeri

Har du bidrag til bladet, eller innspel, ta gjerne kontakt med:
Linda Augestad Lindås, 55 22 74 61
el. gladfjes@yahoo.com.
Eller send det med vanleg post til Framnes kr. vgs, 5600 Norheimsund, merka med "Ljosglytt." Melding om adresseendring kan sendast til Framnes pr. post eller e-post.

Styret for Elevlaget



Det nye styret i elevlaget. Frå venster: Per Helleve, Magne Kolstad, Linda Augestad Lindås, Eimund Solsvik og Jostein Moldsvor. Styremedlemene Solgunn Eide og Mona Lene Økland Hareide var ikkje tilstades under fotograferinga. Foto: Lars A. Oma

Etter årsmøtet på Elevstevnet 2009 kunne me ynskja nye ansikt velkommen i styret. Desse er:

Per Helleve

Vossingen som vart attvald til styret etter å ha hatt ein pause på fleire tiår. Ein kjær framnes-ven gjennom alle år, for tida pensjonist.

Mona Lene Økland Hareide

Sotrabu som var 20-årsjubilant i 2009 og vart nyvald som vara til styret.

Magne Kolstad

Folkehøgskulelæraren som har busett seg i Vikøy og framleis held tett kontakt med skulen. Held fram i styret som styremedlem.

Solgunn Eide

Elev frå russekull 2003 som for tida bur i Bergen. Ho er med vidare som styremedlem.

Hemsen i peisestova

Hemsen over peisestova på Framnes har fått nytt liv. Miljøavdelinga tok initiativ til å pusse opp hemsen og har lagt til rette for ein sosial treffstad for elevane. Prosjektet kom i hamn ved hjelp av gode økonomiske bidrag frå Framnesforeninga. Hausten 2009 var hemsen klar til å tas i bruk, men stadige utbetringar er aktuelle endå.

Av arrangement som har funne stad oppunder taket, kan nemnast; brettspelkveldar, valvake 2009, caféar med ulikt innhald, "langhelg-kveld" for gjenverande internatelevar m.m. Ofte samlast elevane på hemsen etter møta som finn stad i løpet av veka. Ein god stad for prat og

Linda Augestad Lindås

Utflytta kvemming som bur i Bergen og held kontakten med Framnes gjennom Elevlaget. Gjenvald som leiar.

Jostein Moldsvor

Utpeikt frå dei tilsette ved skulen som skulen sin nye representant i styret. Inspektør ved Framnes som har slått seg til ro med familien sin i Norheimsund.

Eimund Solsvik

Har meir eller mindre alltid bidratt til at Elevlaget har haldt fram. Vikøybuar og lærar ved Framnes, som no er vara for Jostein.

Me gratulerer!

Elevlaget på Framnes ynskjer tidlegare rektor Halldor Sandvin til lukke med vel overstått 90-årsdag!

samtale om det ein har opplevd på møta. Framnesforeninga har bidratt økonomisk til innkjøp av biljardbord som elevane kan nytta etter møte, samlingar og elles når hemsen er open.



Livsforandrande betydning



Saman med nokre av dei livsglade borna.

Årets misjonsprosjekt ved Framnes kr. vgs. går til Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) sitt arbeid i Medan, Indonesia.

Prosjektet går i grove trekk ut på å gje dei 250 familiane ved søppelfyllinga Simpang Kongsu eit betre liv. Dei vaksne sorterar søppel, plast vert putta i kilosekkar og seld for ca 50 øre kiloen, matrestar vert seld til bønder som grisemat. Tiltak som helse- og hygieneopplæring, grønsaksdyrking, engelskundervisning for barna og frisør opplæring for kvinnene, er sett i gang av NLM sine misjonærar og får direkte stønad frå Framneselevane.

Den engasjerte elevflokket er òg med på å produsera søndagsskulemateriell til lokale, indonesiske søndagsskular. Eit arbeid som gjer at borna blir, gjennom levande bøker, betre kjend med Jesus som den beste venen dei kan ha, og at det er nok å tru på Han utan å vera underlagt strenge lover og reglar. Det er no kome ut to bøker, den tredje er på veg.

I oppmuntring av lokale kristne gis hjelp til lokale kristne som vil ta i eit tak for å spreia evangeliet i Medan, då særleg blant menneska på Simpang Kongsu. Der lever ein pastor saman med familien sin. Han har etter ei stor tolmudsprøve som tidlegare narkoman og nyinnflytta til Simpang Kongsu, blitt

kjend med og knytt tillitsband til dei som lever av søppelfyllinga. Han har òg klart å etablert og byggja ei kyrkje der ute. I oktober 2009 reiste misjonsprosjekt-leiar Hallvard Nessa og Tone Marit Håland Dyrkolbotn saman med skuleprest Arne Opsahl-Engen, til Medan for å vitja prosjekta. Det vart ein livsforandrande tur for oss. Å oppleve millionbyen Indonesia var ei stor oppleving! Å gå gatelangs, bli peika på, smilt til, få "I love you" slengt etter oss og å prata med dei mange folka i alle aldrar som tok kontakt med oss var heilt fantastisk!

Å sjå prosjekta var veldig sterkt og rørande. Stinkande søppel, daude rotter, slitne og håplause menneske som



Kva vil framtida bringa?



Bosset gjev pengar til å overleva.



Matrestar vert foredla og seld vidare som dyrefor.

sorterte søppel og lite smil, var det som møtte oss på søppelfyllinga. Sjå for deg at du går inn i ein dyrehage og ser på dyr i bur. Slik var det nesten å gå på søppelfyllinga. Ungdommar på vår eigen alder gøymde seg blant trea fordi dei var så flau. Dei gjorde berre det dei måtte; plukka søppel. Det var tung stemning blant dei som jobba der, utan smil og latter, men mest mangel på håp. Tenk at me får lov til å hjelpa desse menneska!

Den innsatsen me gjer her i Noreg ved å selja lodd, arrangera foreldredagar, gå med bøsse i Bergen og spleisa to vener på måneskinstur - det får betydning for personar på andre sida av kloden! Livsforandrande betydning - dei kan tena til livets brød på andre måtar, læra seg språk og kanskje få ein "skikkeleg" jobb. Men viktigast av alt kan dei få møta håpets Gud. Dei kan bli kjend med Jesus. Me er så takksame!

Me vitja òg ein lokal søndagsskule som nyttar bøkene me betalar for. Å vera saman med 60-70 barn som for full hals syng songar med tydinga: "Jesus har kasta alle syndene mine på havet"... eller noko i den dur, var magisk å få oppleve! Det beste av alt er å sjå at det me her på Framnes, i vesle Noreg gjer, kjem så utruleg godt til nytte i Indonesia! Bistand og misjon nyttar - det er utruleg stort å få vera ein del av det!

**For Misjonsprosjektskomitéen:
Tone Marit Håland Dyrkolbotn
Foto: Arne Opsahl-Engen**



Folkehavet på søppelfyllinga.



Tone Marit og Hallvard saman med ein av dei lokale kristne.

Framnes – 50 år etter

Gjenkjenning

Det var litt underleg å stå der utafør det som før heitte "Foredragssalen".

- Kven er du? - Kjenner du meg igjen? – Du er nett den same! – Å, kor du har forandra deg?

For somme av oss var det vanskelegare enn for andre. For mange i flokken hadde me ikkje sett på fleire tiår. Eg merka med meg sjølv at det var enklare å kjenna att gutar enn jenter, og eg har måtta spørja meg sjølv: Er det sånn at gutar – når dei blir menn – ikkje forandrar seg stort? Og jenter – når dei blir kvinner – gjennomgår svære endringsprosessar – til det ugjenkjennelege? Eller var det fordi eg ikkje hadde så mange jente-venner?

Gjenoppleving – gjenoppliving?

Å koma til denne vesle landtunga ved Vikøy inne i Hardanger, er nokså spesielt. Det kallar fram så mange minne. Dersom ein er så heldig å kunna henta fram minneboka – og det kan eg -, kan ein lura på om ein budde på grensa til paradiset den vinteren. For minneboka er full av apostoliske formaningar, velmeinande og inderlege. Dei seier i alle fall noko om den modus me var i nett då, kva som levde i sinn og tankar, kva slags "atmosfære" me levde i. Var det litt åndeleg overspent? Kanskje? Men me meinte alt me skreiv, og me sette vårt fulle namn under.

Å vandra omkring mellom bygningane på Framnes femti år etter gir ei kjensle av å vera heime. Endringane er store. "Vonheim" og "Framheim" er borte, og "Foredragssalen" er ikkje lenger den same. Nye hus og nye salar har kome til. Men minnene er der, og dei er knytt til andlet som har fått rynker og preg av "levd liv". Me såg "livet lyst med lange veier" då me skildest for femti år sidan, men me visste ikkje korleis vegen skulle bli. Me visste ikkje at det skulle koma krappe svingar, tronge passasjar – og mange oppover-bakkar. Men livet er den vegen me fekk gå. For somme vart livet hardare enn nokon hadde tenkt, for andre vart det enklare og litt "forutsigbart". Men alle som kom – og det var nærare 70 av 180, stilte med djupe, dyrebare, smertefulle, gode og rike erfaringar. For dei færreste hadde livet vore berre lyst, men for dei fleste – ja, kanskje alle – hadde det vore eit lys der også når mørket hadde meldt seg. Framnes bidrog til dette, til å forme vår

identitet. Skulevinteren la noko ned i oss som har vore der sidan.

Kanskje det viktigaste me lærde på Framnes var dette at det lyset som skin i mørket – Livsens Lys – ville skina også i mørke stunder, - ja, i dei aller mørkaste.

Ei slik elevstemne er ikkje berre oppkvikkande fordi Per Helleve har fått ei sær evne til å blankpusse kvardagsperler så dei skin og glitrar gjennom replikkar og karakteristikkar. For somme var det kanskje litt spesielt å treffa nokon dei hadde leidd i handa ut til "Verdens ende", men som det ikkje



Jens Olav Mæland

blei noko meir av...? For det var mange slike toeine spaserturar i haust- og vintermørke til den staden der hjarta banka sterkare enn andre stader, også vinteren 1958-59.

Somme stilte spørsmålet: Kvifor var det så få par som det var bærekraft i? Var det fordi dei ikkje var på bølgelengde? Nepp! Eller fordi det heile var eit svermefenomen? Nepp! Kanskje det brotna fordi ein hamna i ulike rom, langt frå einannan – utan den gode og naturlege kommunikasjonen, og den naturlege vokster i mogning og forståing? Når dei no traff kvarandre, var det kanskje noko som livna opp att, kjensler med eit djupare feste enn ein sjølv var merksam på? Javel, - men livet kan ikkje levast opp att. Ein må halda fram i det sporet som er lagt... Somme torde kanskje ikkje å møta opp på stemnet, for ein kunne kanskje treffa den som hadde eins ungdomsdraumar? Kva veit eg??

Lærarane var borte

Då me var 40-års jubilarar, var det fleire frå lærarkollegiet til stades. Denne gongen var berre Tjøstheim møtt opp. Han var jo berre ein nykomling for femti år sidan, utan påheng, men etter kort tid blunkande til ein ikkje ukjent elev.

Kva var det som var spesielt med lærarstaben på Framnes? Var dei gode førebilete? Utvilsamt! Dei levde dei lærde. Dei gav av sin kunnskap, si innsikt – og sin omtanke. I ettertid har eg tenkt som så: Det store var at dei var så ulike – og likevel saman i oppdraget. Nils Svarstad med sin ironiske replikk

som kunne ramma hardare enn tilsikta, Godtfred Aadland i "lagerfrakk" (ein ikkje ukjent embetsuniform for lærarar den gongen) og med hjartevarme, Jostein Lima med auge som såg inn i hjartans løynde avkrokar – og Brigte Våge med sitt feiande humør og kvikke oppmuntringar, - for berre å nemna nokre av dei som sette preg på oss. Dei drog saman – og var ærlege mot seg sjølv og oss "ufullendte". Eg hugsar tidleg ein morgon at NS kom med faste steg innover gangen på guteinternatet. Han måtte berre få be om orsaking fordi han hadde fyrt av ein replikk som hadde såra einkvan av oss! "Du skjønner, eg skal ha morgonandakten i dag, og det får eg ikkje til før eg har ordna opp i dette.", sa han.

Den morgonen sokk kvart ord han sa som blylodd i unge sinn. Og i ettertid var me jamt samde om at hans ironi var ein god reidskap til å henta oss ned på jorda, til å tenkja sant og sunt om livet og oss sjølve.

Kva fekk me med oss?

Me fekk vel med oss ein viss porsjon fagleg kunnskap. Men den var vel lite tilpassa vidare skulegong? Dei som gjekk praktiske linjer, fekk dessutan med seg ferdigheiter – i sløyd og metall. Sikkert ein slags mini-yrkesskule? Kanskje det viktigaste var at det skjedde ei modning, ei oppvakning. Drivkreftene som fins i unge menneske blei aktiverte, fekk sprengkraft – og fann veg. For eigen del var det dette: Eg fekk ein trong til å grava, gå inn i livet og trua sine mest påtrengjande spørsmål – finna perspektiv og samanheng. Og eg trur dei fleste av oss fekk det ein diktar kallar "undringens gave". Det kunne me nok fått ved andre skular også, men her fekk me det gjennom kyndig vegleiing, gjennom dei mange frø som blei sådde dag for dag. Det var gluggar som blei slått opp, grunder som blei opna, krefter som blei løyste ut.

Det var ikkje berre lærarane som bidrog til det, men heile skulemiljøet. Samtalane, diskusjonane, klassesamarbeid

og gruppesamlingar, naturopplevingar, møtesamværa, korsong, bøna.... Når ein 17-åring dreg bort frå heimen og kjem saman med andre på same alder, skjer det noko. Det blir skapt ein interaksjon, ein kollektiv dynamikk – noko kreativt som har livets rett. Me kan kalla det vennskap, ikkje det overfladiske som er oppteken av ytre style, men det som skjer når ein deler tankar, opplevingar, kjensler, truserfaring – og tvil.

Det fekk me med oss. Og det har fylgt oss alle, anten me har vore oss det bevisst eller ikkje. Me fekk "tilhørighet", ei kjensle av å ha aksjar i noko stort og godt. Me fekk sjå livet "langt med lyse veie". Me fekk smak på "livets beste gave".

Gode venner var gått bort.

Det blei stille då dei som hadde kontrollert elevlista opplyste at 22 frå skulevinteren 1958/59 var gått bort. Det betyr at kvar åttande har fullført si livsreise. Etter å ha bladd i minneboka, ser eg fleire av dei for meg. Mest tydeleg

hugsar eg den trauste setesdølen Nils Peder Kjetså. Han kom ein dag etter ein misjonstime som generalsekretær Tormod Vågen heldt, og sa stillferdig: Eg trur eg har fått kall til å bli misjonær... Det blei mange samtalar rundt dette, og me heldt kontakt i åra som fylgde. Nils Peder var trugen mot kallet han fekk den dagen, tok gymnaset og melde seg til Misjonsselskapet og tok fatt på Misjonskulen i Stavanger. Saman med Bjørg – som han traff på Framnes – fekk dei si teneste i Hong Kong og Thailand, og seinare som prestefolk i Gjerstad og i Olsvik ved Bergen. Han døyde i september 2008.

I minneboka skreiv han sterke personlege ord og avslutta slik: "Det vert gildt å sjå kvarandre att i det nye Jerusalem".

Ei underleg helsing, tenkjer eg i ettertid. Men i dag er denne helsinga blitt dyrebar og gir perspektiv på alt som livet byr på. Måtte me møtast i det nye Jerusalem!

Frå minneboka | Hildegunn Sæbø Heimro og Kari Anne Anglevik Steffensen

Framnes – 20 år etter

Det var rart å tenke på at det faktisk er 20 år sidan me gjekk på Framnes, men invitasjonen laug ikkje, og ca 25 elevar frå kullet 1988/89 møttes.

Det var spennande å sjå kven som hadde forandra seg mest eller minst på desse åra. Einzelte har vore kjempeflinke å holde kontakt, mens andre har ein faktisk ikkje sett eller høyrte noko frå i denne 20-års perioden. Kontakten var der likevel, og etter ei stund var det som om me var tilbake i tid, det mangla berre litt ekte internatliv. Praten gjekk om menn, koner, barn, jobb og ikkje minst episodar ein huska frå framnesåret.

Magne Kolstad hadde fått i oppgave å ta seg spesielt av vårt kull, og det var midt i blinken. Fru Eva kom også innom. Ho hadde redda ein del gamle keramikkbilete frå å bli kasta og det var artig når folk fant namnet sitt på desse. Me må vel innrømme at desse lærarane på Framnes held seg uvanleg godt. Magne, Eva, Torleif, Øystein, Eimund og Øyvind hadde ikkje forandra seg mykje. Audun var meir på vår alder då me gjekk på skulen, så det var vel han som var blitt

mest vaksen av desse. Rektor Per såg me ikkje så mykje til, sidan han også hadde andre jubilarar å ta seg av.

Neset har jo også forandra seg litt sidan me gjekk der. Mange fleire og større hus, og gangvei til verdens ende. Kanskje det var litt lettare å få vera i fred før i tida....

På eit elevstemne er det spesielt kjekt å sjå kor mykje skulen har betydd for folk som har gått her, og det var mange artige innslag på festsamlinga om kvelden. Etter samlinga prata me vidare ut i dei seine nattetimar, før ein tok med seg gamle romkameratar og gjekk til køys. Søndagen stod me opp med friskt mot og åt ein god frokost nesten som i "gamle dagar". Etterpå møttest me i gymsalen der me kunne ta del i det åndelige fellesskapet som Framnes også representerer.

Så var stemnet over, med middag til slutt. Det var ei koseleg helg, og me takkar for alt det året på Framnes har gjeve oss. Me gler oss til neste jubileum og håpar me då vert endå fleire!



Hildegunn Sæbø Heimro



Kari Anne Anglevik Steffensen

Alder: 55 år
Adresse: Framnes
Yrke: Husmor (internatleiar)
Sivistatus: Gift med Kjell Magne.
Eitt barn.
Aktuelli: Det å vera husmor på Framnes.

– Kven er du Anne Marie?
 – Mine gode barne- og ungdomsår hadde eg på Os. Då eg reiste ut første gong i 1972, reiste eg til Framnes Folkehøgskule. Etter folkehøgskuleåret var eg halvanna år på kjøkkenet her. Vidare tok eg hjelpeleiar-utdanning og seinare husøkonom-utdanning. Eg har jobba i helsesektoren i mange år. Gode og lærerike 7 år hadde eg på Helgaton saman med Haldis og Ingvar Sandvold. Dette har betydd mykje for meg. Vidare jobba eg nokre år på leirstaden Kvamssæter. Mannen min, Kjell Magne Solsvik, er vedlikehaldsleiar her på skulen. Me har ein gut, Åsmund, som i år er elev på Viken Folkehøgskule.

– Det er ikkje så mange i dag som har tittelen husmor. Kva gjer husmor på Framnes?

– Internatleiar er nok den tittelen som er mest brukt på ei slik stilling på internatskular. Utdanninga mi som husøkonom og hjelpeleiar dekker ansvarsområda som er i stillinga mi. Arbeidet vårt på husmoravdelinga er mest retta mot elvane som bur i internatet (219 elevar). Me er tre damer som arbeider på avdelinga. Me har mange og varierte oppgåver, mellom anna det å plassere elevane i internata ved skulestart, sjå til at dei har det greit der dei bur og at dei har det ryddig og reint rundt seg. Me hjelper også til når dei er sjuke og må vurdere ulike tiltak.

Me har eit nært og godt samarbeid med skulehelsetenesta og ulike team ved skulen. Vidare administrerer me alt reinhaldet på anlegget, og har ansvaret for utleige av lokala på Framnes. Me er opptekne av at det skal vera fint og koselig både i matsalen og andre stadar som elevane oppheld seg.

– Du har jobba her i 13 år. Kva er det som gjer at du orkar å stå i dette krevande arbeidet år etter år?

– Eg trivst godt blant dei positive elevane våre. Det er interessant å



Husmor Anne Marie Solsvik har mykje å halda styr på.

fylgja dei i alderen frå 16 til 19 år, ein periode som er viktige år med utvikling og mogning i livet til den einskilde. Her møter dei Guds ord og kristen verdiformidling gjennom mellom anna morgonsamling, møte og bibelgrupper. Det er meiningsfylt "å gå nokre steg" saman med dei i gleder og sorgar. Eg likar arbeidoppgåvene mine, har gode og flinke medarbeidarar på avdelinga og kjekke kollegaer på dei andre avdelingane på Framnes.

– Kva er foreldra opptekne av når dei sender ungdommen sin til Framnes, og kva behov har elevane?

– Det skulle eg gjerne spurt både foreldre og elevane om før eg svarar. Eg trur at foreldra er opptekne av at me har gode og trygge rammer for elevane. At den einskilde elev vert sett og teken vare på, og at dei unge får oppleva modning og vekst både fagleg og som menneske.

Elevane er opptekne av buforholda, at dei får god mat og at dei har vennene sine rundt seg. Det fører til trivsel på

skulen og i fritida.

– Du bur inne på skuleområdet. Korleis opplever du det?

– Eg syns det har vore praktisk og greit i forhold til arbeidet vårt. Eg trur òg det er viktig for elevane at me som familie bur inne på skuleområdet. Me er heldige som får læra å kjenna elevane så godt etter tre år på "halvøya" i fjorden her. Men sjølvstøtt syns me det er godt å koma vekk inn i mellom.

– Kva tenkjer du om tida du har vore tilsett på Framnes?

– Eg opplever at eg har vore med på ei viktig tid med store endringer i Framnes si historie. Eg møtte 50 elevar første året her. I dag er det 267. Me har bygd to nye internat i denne perioden. Det har vore kjekt å få vera med å byggja opp den vidaregåande skulen. Ein skulekvardag der dei aller fleste elvane trivst og utviklar seg i positiv retning.

Tekst: Magne Kolstad
Foto: Andreas Eide

Elev på Framnes for 100 år sidan

Far min, Knut H. Helleve, var elev på Framnes Ungdomsskule skuleåret 1909 – 1910, altså for 100 år sidan. Han var 17 år då han tok til. Korleis han reiste frå Voss til Framnes skriv han ikkje noko om, men truleg hesteskysst til Granvin og båt vidare.

Han har ført ei nokså detaljert dagbok over skuledagen kvar dag fram til joleferien. Men når det gjeld buforhold, er det mindre opplysningar å finna. Han budde privat saman med 2 eller 3 andre "hjá han Nils på Kalhamaren." (Mellom kyrkja i Vikøy og Tveit, om lag 1,5-2 km frå Framnes.)

Han skriv om 1. skuledagen:

"Oktober 1 fredag. Kom til Framnæs kl. 6, fekk meg fyrst mat og sidan seng, eg sov vel 1 time.

Kl. 11 var eg i skulen komen. Der var framme 50 elevar, innmelde 66. Brantzæg heldt ein tale til oss og baud oss velkomne til skulen, han tala um kunnskap. Kunnskap er ei stor magt og ei god magt naar berre han vert brukt paa rette maaten, men og ei faarleg magt naar han ikkje vert brukt paa rette maaten. Han vilde vona me vende oss til Gud og bad han um visdom og hjelp til aa bruka kunnskapen rett, og at me brukte flid paa skulen baade til å læra leksor og halda skulens reglar; som han las upp aat oss. Um ettermiddagen kjøpte eg bøker, dei kom ut paa kr. 10,66. Dei som kjøpte alle bøker maatte betala kr. 20,00 umlag. Eg var trøytta naar eg lagde meg."

Stor takk til Elevlaget og Framnesforeningen

Kjøkken- og Husmor/Internaravdelinga hadde lenge gått med ein draum om nye bord og stolar i matsalen. Møblane var svært slitne og prega av mange års bruk. Men budsjetta tillét ikkje den store investeringa. Me kontakta difor Elevlaget med spørsmål om kor mykje dei kunne bidra med, samstundes som me henta inn prisar og vurderte ulike alternativ. Gleda var stor då vi fekk tilbakemelding om at dei kunne bidra med kr. 200.000 til nye bord og stolar i matsalen! Dette var ein stor sum, likevel mangla me litt. Men Framnesforeningen kunne betala dei om lag 28.000 kronene som stod att for å kunna realisera kjøpet. 34 bord og 190 stolar var på plass i september 2009. **Tusen takk!** Helsing kjøkkenleiar Berit og Husmor/Internatleiar Anne Marie.

Korleis det var med maten er og vanskeleg å finna ut av, men han fekk fleire gonger pakke med mat heimefrå. M.a. skriv han at han har lånt båt og vore i Norheimsund og henta ei kasse der det var "kjøt og kurv og mykje krotakakor og så fekk eg ein setning med hjartebrødlefsor." Elles var han mest kvar laurdag til "sundet og provienterte," det meste hjå Sandven & Co og Vilhelmsen. Middagen fekk dei truleg tillaga hjå husverten, men brødmaten ordna dei sjølve? M.a. står det at "I dag naar eg var i Norheimsund bar eg hit tri 40 øres brød til Tjomstøl og hadde prosenten for beringi."


Kvar skuledag tok til med morgonandakt. Dei 3 lærarane Brantzæg, Fotland og Svarstad delte på dette. I tillegg var det faste møte både laurdag og sundag. Midt i veka foredrag, bibeltime eller møte. Av fag var det rekning og geometri, soge, landkunne, kristendom, norsk, fysikk, song m.m. Sløyd var frivillig. I rekning var dei delte i 2 klassar. I tillegg til dei lærarane som er nemnde, var det i alle fall 2 til utan at eg har funne namnet deira. Inntrykket er at elevane hadde mykje heimelekser. 27. oktober har han "skrive ein stil paa kladd, um eit minne fraa barneaari. Eg skreiv um naar me gjætte kjea hjaa merkjesgarden."

Skulepengane var kr. 5,- pr. måned. 22. oktober: "Eg kjøpte i dag tvo bøker: Norigs nyare saga og Kartumrids til å fylla uti og soleis laga oss kart sjølve. Den fyrste kosta 75 øre, den andre 30." I tillegg kjøpte han 2 rutebøker til 6 øre stykke.

Til slutt må eg ta med då far fekk ta imot Jesus. Han var nok sterkt kalla heile hausten. Laurdag 20. november: "Etter at alle andre var gått ut var det berre Brantzæg og eg att inne, ja Gud var daa att, Gudsjelov. Brantzæg spurde meg um eg hadde det godt med Gud. Nei ikkje riktig godt, svara eg, og so spurde han meg kva som feila. Eg sa at eg ikkje riktigt hadde fenge trutt meg frelst. Han sa at eg maatte tru at Jesus var død for meg og so var eg frelst. Og me fall på kne baee tvo og bad. Han bad so varmt for mi frelsa og eg litt etterpå og so strauk han meg so varmt yver haaret fleire gonger aa det var so gildt, og eg kjende eg vart frelst."

Framnesvinteren gav far mykje, og han var heile livet ein varm ven av skulen. Det han fekk oppleva, ville han gjerne at også me borna fekk del i. Soleis fekk me alle sju etter tur eit år på Framnes. Og då mor fekk spørsmål om dei hadde råd til dette, svara ho: Me har ikkje råd å lata det vera!

Per Helleve



Utdrag frå side 42 i dagboka Knut H. Helleve skreiv for 100 års sidan.

Kjekk tur til Chamonix

11. mars vart Hermons Reiser sin buss "Gledessprederen" fylt med 57 forventningsfulle elevar og lærarar. Dei var klare for 22 timar i buss etter ei god natt på båten til Danmark.

Etter ei natt i bussen, vakna me opp att i Chamonix, akkurat i det sola kikka over fjella. Sju dagar med strålende sol, men med lite nysnø, låg framføre oss. Ein kunne sjå at alle og ein kvar koste seg under turen.

Mellom dei store opplevingane kan me nemna det å køyra ned over 2.000 høgdemeter på ein tur, nyta utsikten på

Aguille du Midi 3.842 meter over havet og helikoptertur i dei franske alpane – der me fekk landa på toppen av Mont Blanc 4.820 meter over havet!

Kvar dag åt me middag i lag på ein lokal restaurant, før me hadde felles kveldssamling med andakt og lovsong. På slutten av samlingane vart det kvar dag kåra dagens største tabbe, der vinnaren måtte køyre med den mykje omtala «tabbevesten» heile neste dag. Laurdag 20. mars klokka ni om morgonen var det avreise frå skibyen igjen. Denne gongen låg det ein noko

lenger etappe på 37 timar framføre oss. Tross lengda, gjekk turen fort. Mykje takka være mange filmar og ein heil del godt humør.

Solbrente fjes og magar var dei verste skadene me kom borti. Heldigvis! Kven som koste seg mest, elevar eller lærarar, var ikkje godt å seia, men alle hadde ein knakande kjekk tur som dei seint kjem til å gløyma. Takk for ein super tur!

**Tekst og foto:
Andreas Eide**



Fine tilhøve for telemarkkøyring.



Kan ein ha det finare? Knallvêr i eit storslått landskap.



Gjengen samla høgt til fjells i dei franske alpane.



Luftige opplevingar i Chamonix.



Idrettslærer Martin Dalane ser ut til å trivast i høgden.



Nokre av dei modigaste karane let ikkje sjansen til ein luftig tur med helikopter gå frå seg!

Fotballopplevelse i Tyrkia

10. mars satte Norheimsund Fotballklubb sitt A-lag og Framnes Toppidrett Fotball kursen mot Side i Tyrkia.

Vi var i alt 26 forventningsfulle personer som dro av gårde. Vi ankom Antalya Flyplass klokken 05.00 om natten. De færreste hadde sovet på flyet, så starten kunne nok vært noe bedre. Humøret var imidlertid på topp, og vi fikk spist en god frokost før vi la oss til å sove kl. 07.00 om morgenen.

Da vi våknet til lunsj torsdag formiddag startet oppturene: Det var så mange matretter å velge mellom at hver og en bare ble stående og se seg om. Hotellområdet var fantastisk fint med butikker, bassenger, strand, treningssrom, tyrkisk bad og velværeavdeling, og sist men ikke minst var fotballbanene av ypperste klasse. "Alle saman berre lukt på graset", lød det fra trener Johnny Mikael Gallefoss da vi ankom treningsfeltet. Første økten var av den mer rolige sorten for å få fart i beina etter den lange turen, og det var en smilende gjeng som forlot banen etter fullført trening. Dagene går utrolig fort når en har så mye å finne på. Vi hadde morgenøkt og ettermiddagsøkt med fotball, og mellom treningsøkterne var det nok av ting å gjøre på hotellet; bading, tennis, styrkerom, biljard, bordtennis og sports massasje for å nevne noen av alternativene.

Lørdag spilte et sammensatt lag av både Framneselever og A-lagsspillere mot 3. divisjonslaget Gjerdrum. Kampen endte 1-1. Etter ett mål imot i første omgang, slo Norheimsund sterkt tilbake i 2. omgang og kjørte over Gjerdrum. Østlandsgutta skal være glad de ikke tapte.

Mandagen var det ny treningskamp mot Molde sitt juniorlag. Det ble en jevn dyst, men det var Molde som til slutt trakk det lengste strået og vant 3-2. Vi møtte trolig noen av fremtidens eliteseriespillere i denne kampen. 3. klassing Ole Henrik Vik viste god scoringsform og lagde mål mot både Gjerdrum og Molde.

Om kveldene var det også nok av aktiviteter å ta seg til: Hotellet hadde en egen avdeling som de kalte Gamezone. Her var det champions league på storskjerm, internett, bowling, biljard, airhockey og basketball for å nevne noe. Dersom noen ble tørste, var det bare å forsyne seg med brus eller kaffi i baren. Vi hadde også fellessamlinger tre kvelder.



Oppvarming før Molde-kampen. Foto: Ingrid Børnes



Et av bassengene på hotellet. Foto: Ingrid Børnes

En fotballteoretisk kveld, en quizz-kveld og en "Norske talenter" aften. Alle deltok i "Norske talenter", stemningen var på topp og det var utrolig artig å se hvilken kreativitet gruppen vår besitter. Fotballjentene våre: Ingrid Børnes, Marianne og Karoline Harnes og Silje Paulsen stakk av med seieren. De hadde diktet en sang om tyrkiaturen og fremførte i lokale magedanserdrakter til stor applaus fra publikum.

Det eneste negative med turen var at uken gikk så altfor fort. Da vi satte oss

på flyet med kurs mot et regnfullt Bergen, var vi alle enige om at turen hadde innfridd forventningene våre: Vi hadde fått trent godt, spist mye god mat, vi var blitt enda mer sammensveiset og alle hadde fått litt brunfarge på kroppen.

**Tekst: Erling Strømme
og Magnus Hisdal**

Minneord | Ragnvald Høviskeland til minne


Ragnvald Høviskeland døydde 17. november 2009. Han vart nesten 87 år gammal. Ragnvald og Solvor busette seg på Høviskeland på Tysnes då dei forlet Framnes i 1989. Her hadde dei bygd seg ein fin heim. Her kjende dei seg heime. Og her fann dei seg til rette i bygda, i forsamlinga på bedehuset, og elles i lyd og lag.

Ragnvald var gravlagd ved Uggdal kyrkje. I kyrkja fekk eg bera fram desse minneorda på vegne av Framnes og framnesvener.

«Eg står her som representant for det som då heitte Framnes Folkehøgskule, for elevar og lærarkollegaer gjennom dei mange åra Ragnvald hadde arbeidsplassen sin i Vikøy.

Ragnvald kom til den kristne folkehøgskulen (som det heitte då) i 1960. Det var på den tida skulane framleis hadde noko som heitte vaktmeister. Og på ein kristen folkehøgskule vart det meir enn vedlikehaldsarbeid, sjølv om det nok var rikeleg med slikt arbeid og.

På Framnes la han ned storparten av yrkeskarrieren sin. Eg har aldri høyrte Ragnvald snakka om arbeidet sitt som eit kall. Slike ord trur eg knapt han våga bruka. Men heile Framnes-tida bar bod



om kallstruskap og vel utført arbeid på skuleanlegget. Og ikkje minst mellom elevane! (Eit lite "minnesmerke" ser me i naustet han i lag med Alfred Hamre bygde av materialar etter dei gamle undervisningsbygga.)

Eg trur Ragnvald treivst mellom elevane på skulen. Utan det kunne han ikkje ha vore der så mange år, fram til 1989,

nesten 30 år. Og eg veit at både elevar og arbeidskollegaer sette pris på han. Ikkje berre fordi ein kunne spørja han om eitkvart praktisk som skulle gjerast. Men fordi han var den han var: med det lune smilet og eit underfundig ord.

Ragnvald var ikkje den som steig fram på talarstolar eller på anna vis i offentlege forsamlingar. Det betyr ikkje at han ikkje kunne seia frå når det var noko. Han hadde berre andre "talarstolar". Ragnvald sin preikestol var det praktiske arbeidet, det som skulle ha dagleg tilsyn, det som ikkje måtte gløymast av kvardagsgjeremåla. "Eg har ei teneste stor for Gud frå dag til dag i det stille ...". Her var Ragnvald sin "preikestol".

Me kjenner, i lag med deg Solvor og resten av familien, det songaren syng om: "Me kjenner sagnad sår når her me skiljast må.." Og me ber med oss også den neste strofa av songen: "Men vonar i Guds Rikes vår kvarandre att å sjå!"

Til båra er det blommar frå Framnes, og ein krans frå tidlegare kolleger. Me takkar alle for det Ragnvald fekk vera mellom oss og for oss. Og me lyser fred over minnet hans!»

Tekst: Øystein Ådland

Elevstemnet 2010

Dato for årets ELEVSTEMNE er 18.-20. juni 2010. Denne helga ynskjer me alle "framnesvener" velkommen til ei helg fylt av minne, moro, godt fellesskap, god mat, musikk og bibel.

Det er ei heilt spesiell stemning på Framnes-halvøya desse dagane, gjen-



synsgleda er stor og praten går høglydt over alt på tunet. Til årets elevstemne jobbar Elevlaget med å få med spennande og kjende talarar og musikalske bidrag som har sterk tilknytning til Framnes. I tillegg håpar me det vert god tid for jublantane og andre å møtast og mimra. Programmet er ikkje klart til Ljosglytt går i trykken men vert lagt ut på web

(www.framnes.vgs.no) og sendt i posten til årets jubilarantar i løpet av våren.

Jubilarantar 2010:

5 år – russekull 2005
10 år – russekull 2000
20 år – 1989 /90
30 år – 1979 /80
40 år – 1969 /70
50 år – 1959 /60
60 år – 1949 /50

Spesielt inviterte er også tilsette ved Framnes kr

vgs / Framnes fhs gjennom alle desse åra. Har du spørsmål om årets elevstemne, gode forslag eller vil hjelpa oss med å finna fram til jubilarantar? Ring eller send mail til Linda A. Lindås (leiar) 97 52 57 17 / gladfjes@yahoo.com, eller ta kontakt med skulen.

Velkommen til Framnes!

Kalender 2010

Elevlaget laga og sende ut kalender for 2010 i desember. Me vil takka for alle pengegåvene som er gjevne i samband med dette. Nokre av pengane vart brukt til å dekkja utgifter til produksjon av kalendern, og etter det var overskotet stort og styret ynskjer å kunna bruka desse pengane på beste måte til elevretta arbeid ved Framnes i året som kjem.